

SFU | MAGASINET

NYTT FRÅ DEI FREMSTE UTDANNINGSMILJØA I NOREG

HAUST/VINTER 2016

Felles opprop blant undervisarar:

**Vi må snakke saman
om undervising!**

Undervisartrikset:
Meir læring, same tidsbruks.
Er det mogleg?



Senter for
framifrå
utdanning

NOKUT

Om ordninga Senter for framifrå utdanning (SFU)

SFU ER ei nasjonal prestisjeordning for høgre utdanning, som blei oppretta i 2010.

SFU SKAL medverke til å vidareutvikle kvaliteten og satsinga på utdanning og undervising, og understreke at undervising og forsking er likestilte oppgåver.

SFU HAR gitt universitet og høgskolar ein ny arena for å konkurrere om utdanningskvalitet.



**Senter for
framifrå
utdanning**

RASKE FAKTA OM SFU:

- ▶ Framifrå miljø for utdanning på universitet og høgskolar kan få status som SFU.
- ▶ Sentera får mellom fire og åtte millionar kvart år.
- ▶ SFU blir tildelt for ein periode på fem år og kan utvidast med fem år.
- ▶ Det er hittil etablert fire senter, og fire nye blir oppretta hausten 2016.
- ▶ SFU-ordninga blir forvalta av NOKUT.

EIT SENTER SKAL:

- ▶ spreie kunnskap og forsking om utdanning og undervising
- ▶ vere ein inspirasjon for andre miljø
- ▶ fremje og ta i bruk FoU-basert undervising
- ▶ prøve ut nye og innovative metodar i undervising og utdanning
- ▶ involvere studentane


I denne utgåva av SFU-magasinet finn du nytt frå sentera **bioCEED, CEMPE, MatRIC og ProTed**

Les meir på www.nokut.no/sfu

INNHOLD HAUST/VINTER 2016



5



10



13



18

- | | |
|--|----|
| Bygger fellesskap rundt undervising | 5 |
| Vil ha meir støtte frå institusjonsleiinga | 9 |
| Snur opp-ned på matteundervisinga | 10 |
| I synk med studentane? | 13 |
| Frå student til lærar:
Profesjonsretta mentorordning | 14 |
| SimReal skaper betre lærarar | 15 |
| Kollegabasert kompetanseutvikling
om masterrettleiing | 16 |
| Fem nye år som Senter
for framifrå utdanning | 17 |
| Rom for meir læring? | 18 |
| Undervisartrikset:
Meir læring – same tidsbruk | 19 |
| Finst det ei oppskrift på
kvaliteteskultur i høgre utdanning? | 20 |



Terje Mørland

Direktør, NOKUT

Ja til kvalitetskultur i høgre utdanning!

Det skjer mykje bra i norsk, høgre utdanning. Og det er fleire enn oss i NOKUT som legg merke til det.

Morgenbladet si kåring av fantastiske formidlarar tidlegare i haust var ein viktig hyllest til undervisarar som skaper kvardagsmagi i auditoriet, gjer faget levande og relaterer tungt fagstoff til den verkelege verda utanfor. Kåringa viser også eit stort engasjement for debatten om utdanninga sin plass på norske universitet og høgskolar.

For vi ser eit tydeleg skifte – eit opprop for å halde fram med å auke prestisjen for utdanning og sidestille utdanningsgjerninga med forsking. Dette er del av etableringa og vidareutviklinga av ein kvalitetskultur i norsk høgre utdanning som er svært positiv.

NOKUT sette internasjonale forskrarar på saka da vi ville sjå nærmare på denne utviklinga. Kva er suksessfaktorane bak ein kvalitetskultur? Det finst kanskje ikkje ei enkel oppskrift på dette, men eit felles verdigrunnlag for høg kvalitet i undervising og læring, sterk undervisingsleiing og tilgang på ressursar er noko av det forskarane trekker fram. Alle suksessfaktorane får du på side 19-21 i denne utgåva av SFU-magasinet.

Senter for framifrå utdanning er ein viktig reiskap for utvikling av kvalitetskulturen i norsk høgre utdanning. Dei er framifrå laboratorium: For fagmiljøa slik at dei

kan drive med innovasjon og forsking på utdanning, og for oss i NOKUT. Ved hjelp av sentera kan vi, som trass alt skal medverke til kvalitetsutvikling ute på universiteta og høgskolane, sjå kva som verkar, eller korrigere det som ikkje verkar. På denne måten bruker vi SFU-ane i vårt tilsyns- og utviklingsarbeid.

Men dei skal også vere laboratorium for alle dykk som jobbar med eller har interesse for høgre utdanning. På side 5-8 kan du lese meir om korleis to SFU-ar, innanfor to heilt ulike fagfelt, i mange tilfelle arbeider på same måte for å etablere ein kvalitetskultur. Du kan la deg inspirere av eit samarbeidsprosjekt som skal forske på læringseffekten ved flipped classroom på side 10-12. Og du kan få vite meir om ei heilt ny mentorordning som er lansert for lærarstudentane på side 16.

Vi i NOKUT held fram med festen der Morgenbladet gav seg i haust. 1. november er det duka for den første utdanningsfesten i historia. Ein heil kveld er via til det fremste innan norsk, høgre utdanning. I løpet av kvelden skal vi endeleg avsløre kven av dei ni finalistane som blir del av SFU-familien.

Eg ser fram til å bli betre kjent med dei nye sentera. Det skjer kanskje alt i neste nummer av SFU-magasinet?

God lesing!



Bygger fellesskap rundt undervising

Nye møteplassar og insentiv gjer at lærarar kan dele kunnskap og erfaringar om undervising på andre måtar enn før. bioCEED og CEMPE har ulike utgangspunkt, men som Senter for framifrå utdanning arbeider begge med lærarkultur og har tydelege fellestrekke.

SKRIVE AV: Oddfrid Kårstad Førland og Aslaug Louise Slette

SYSTEMATISK ARBEID MED LÆRARKULTUREN

– Ein kultur for kvalitet oppstår ikkje i enkelt-individua, men i eit sterkt fellesskap der ein deler og utviklar saman. Dette har vore ein av berebjelkane i bioCEED sitt arbeid for utvikling av lærarkulturen, kan senterleiar for bioCEED Vigdis Vandvik fortelje.

Mange av verkemidla for å bygge fellesskap rundt undervising eksisterer allereie i fagmiljøa – faglege møteplasser og samarbeid er ikkje nytta i akademiske miljø. Det som er nytta, er at både bioCEED og CEMPE no jobbar meir systematisk med å bygge og styrke nye fellesskap rundt undervisinga, og at begge sentra har funne ei form som motiverer mange lærarar til å ta del i denne kulturendringa.

– For CEMPE sin del er det unikt at kultur-

endringa handlar både om å skape openheit rundt undervisinga, og å oppmuntre til meir systematisk forskings- og utviklingsarbeid rundt eiga undervising, seier senterleiar for CEMPE Jon Helge Sætre.

DEI TO AKADEMISKE KULTURANE

– Undervisrar i høgre utdanning har typisk to svært ulike roller – læraren og forskaren, og til desse rollene hører to ulike akademiske kulturar, seier Vandvik vidare.

Der forskarkulturen er prega av vitskapleg metode og kontinuerleg utvikling, er undervisingskulturen prega av konservering av metodar og erfaringsbasert praksis. Som forskarar deler, vurderer, kritiserer, debatterer og dokumenterer ein arbeid og resultat, men som lærarar blir det same gjort i liten grad. Forskarkulturen har ein sterk og krevjande

kollegialitet, medan undervisingskulturen er prega av fordeling av arbeidsoppgåver og «einsam praksis».

– Ein veg til å bygge kvalitetkultur i undervisinga er å forene dei to rollene, ved å ta det beste frå den kollegiale forskarkulturen inn i undervisingskulturen, ifølge Vandvik.

EIN KOLLEGIAL LÆRARKULTUR

bioCEED har lagt vekt på å skape møteplassar der læring og undervising er tema. Seminar, workshops, læringsforum og årlege lærarsamlingar er døme på kollegiale aktivitetar senteret arrangerer, og hovudfokuset er på tema som er direkte nyttige i undervisningspraksisen for den enkelte deltakaren.

I samarbeid med den pedagogiske utviklingseinininga Genombrottet på Lunds Universitet til-



Lærarar og studentar på kurs i Critical Response Process prøver ut nye metodar for å diskutere undervisingspraksis.
(Foto: Katinka Hustad)



5 TIPS

FRÅ BIOCEED OG CEMPE

- ▶ Lag faglege møteplassar som styrkjer kjensla av fellesskap rundt undervising.
- ▶ Likestill statusen til pedagogisk utviklingsarbeid og undervising med statusen til forsking og kunstnarleg utviklingsarbeid.
- ▶ La lærarane bli kjende med undervisingspraksisen til kvarandre – bygg felles språk og legg til rette for gode samtalar.
- ▶ Utvid laget rundt undervising og bruk kompetansen hos studentar, lærarar, pedagogiske ekspertar og støtteapparatet.
- ▶ Dyrk den lokale lærarkulturen, men bygg institusjonelle mekanismar for å styrke kvalitetsarbeidet.

byr bioCEED lærarkurset *The Collegial Project Course*. Kurset utfordrar deltakarane til å ha ei forskande tilnærming til eigen undervisingspraksis, ved å bli kjende med relevant litteratur og gjennom undersøking, utvikling og dokumentasjon av undervisingspraksisen. For å styrke samarbeid og kollegialitet gjennomfører deltakarane eit gruppeprosjekt som blir vurdert både av kursleiar og «medstudentane» (kollegavurdering). At kurset har positive effektar, stadfestar deltakar på lærarkurset, førsteamanuensis Pernille Bronken Eidesen ved arktisk biologi, UNIS:

– Eg blei motivert til å jobbe med vidareutvikling av eige kurs, og fekk nye idear til utbetring av læringsaktivitetar. Eg fekk eit bevisst forhold til samspelet mellom kursinhald, læringsaktivitetar og vurderingsform; spesielt kor viktig undervegsvurdering er. No ser eg nytta av ei gjenomtenkt emneskildring, og at den kan fungere som eit verktøy. Tidlegare opplevde eg det å skrive kursskildringar meir som eit administrativt krav enn noko eg faktisk kunne bruke til noko.

Dei kollegiale aktivitetane har gitt oss eit felles språk for å reflektere og diskutere undervising lokalt, men har òg inspirert lærarkolleget til å involvere seg i debatten om undervising utanfor sitt eige fagmiljø. Senterleiar Vigdis Vandvik opplever at det felles språket har gitt ein ny dimensjon til diskusjonane om undervising i fagmiljøet:

– Til og med når undervisarane vil skyte ned eller kritisere idear og prosjekt, gjer dei det med referanse til pedagogisk faglitteratur. Vi diskuterer på ein annan måte, og det er ikkje lenger nok å ha ei mening. Ein må ha ei informert meinung, seier ho.

EIN FORSKANDE LÆRARKULTUR

Biologilærarar og studentar i Bergen og på Svalbard merkar godt at dei er ein del av eit SFU. bioCEED sine forskings- og utviklingsprosjekt brukar biologiutdanninga som «feltområde» og lærarar og studentar som forskingsobjekt.



Her er senterleiar for bioCEED, Vigdis Vandvik (nr. tre frå venstre), og senterleiar for CEMPE, Jon Helge Sætre (nr. to frå høyre), saman med (frå venstre) Simon Goodchild frå MatRIC og Tone M. Eriksen og Hilde Sollid, både frå ProTed, under ei samling for senterane tidlegare i år.

– Men vi ser òg ei aukande interesse for å utvikle og forske på eiga undervising blant lærarane sjølv, og fleire prosjekt har oppstått som resultat av dette, fortel Vandvik.

Nær halvparten av den faste vitskaplege staben på dei biologiske vertsinstitutta til bioCEED er no involvert i FoU-prosjekt innan utdanning. Heldigvis ser studentane ut til å akseptere at dei er prøvekaninar.

– Det er gøy å vere prøvekanin for nye, meir aktive undervisingsmetodar. Då gler ein seg til forelesing, seier ein student.

– I yrkespraksisfag initiert av bioCEED får vi som studentar delta i aktive forskarar sin kvar dag. Undervisinga er nærmast levande. Vi ser at faga endrar seg frå år til år som respons på tilbakemeldingar frå studentane, fortset ho.

VERDSETTING AV KVALITET

bioCEED representerer undervisingsutvikling i fagmiljøet, og forankringa på lokalt nivå har styrka kulturyggingsarbeidet og er ein nøkkel for å utvikle ein kollegial og forskande lærarkultur. Men dersom ein vil oppnå ein varig kvalitetkultur, må det òg skje endringar på institusjonelt nivå, meiner senteret.

I bioCEED si spørjeundersøking blant undervisarar i biologi i høgre utdanning kom det tydeleg fram at undervisarane ønsker meir fokus på og verdsetting av undervising, noko denne kommentaren frå ein av deltakarane illustrerer:

Eg har alltid vore oppteken av kvalitet i undervisinga, og trur eg har lukkast bra med det. Men kvalitet vert lite verdsett og vert knapt lagt merke til. Eg saknar sterkare kvalitetsfokus når det gjeld undervising, og verdsetting av tiltak for å styrke kvalitet.

– Om undervising blir sett på som ein annanrangs aktivitet samanlikna med forsking, og innsats og kvalitet i undervising ikkje er meritterande og vert verdsett, vil vi ikkje kunne utvikle ein varig kvalitetkultur, seier senterleier Vandvik.

I tillegg til å bidra med ressursar, støtte og kompetanse til enkeltundervisarar som ønsker å utvikle sin undervisingspraksis, har bioCEED jobba tett med institusjonsleiinga ved Universitetet i Bergen for å få på plass ei meritteringsordning for framifrå undervising. Ordninga gir den pedagogiske kompetansegraden *Framifrå undervisar* til lærarar som har arbeidd systematisk med undervisingsutvikling og bidrar til kollegial og profesjonell undervisingskultur. Ordninga skal honorere og medverke til verdsetting av kvalitet i undervising.

KULTUR FOR GOD UNDREVISING

Ved Noregs musikkhøgskole (NMH) har det så og seie alltid vore kultur for å gi god undervising. Med røter i meisterlæretradisjonen er mykje av dagens instrumentalundervising tufta på «meister-svenn»-prinsipp, som inneber individuelle speletimar og tett oppfølging av studenten. Også i andre teoretiske og praktiske fag er undervising høgt prioritert av lærarane.

Kanskje heng det saman med NMHs bakgrunn som musikkonservatorium – at Musikkhøgskolen historisk sett har vore ein «musikk-skole» med lærarar og studentar samansveisa i eitt praksisfellesskap. Desse nære relasjonane mellom studentar og lærarar kan ha overskygga behovet for å dele kunnskap og erfaringar om undervising med kollegaer.

NEDANFRÅ OG OPP

Engasjerte lærarar er eit solid utgangspunkt for å realisere CEMPEs visjon om å utvikle kunnskap som kan medverke til kvalitet på



**Jon Helge Sætre,
leiari CEMPE**

«CEMPE set saman lærarane i team slik at dei får høve til å snakke saman. Vi ser at dette gir gode og etter lengta møteplassar for å dele kunnskap og erfaringar om undervising»

Jon Helge Sætre

høgre musikkutdanning. Når det finst ein så kvalifisert lærarstab samla under eitt tak på NMH, har eitt av de viktigaste utgangspunkta for CEMPE vore å bygge nye lærarkulturar nedanfrå.

– Vi har heile tida ønskt ein nedanfrå-og-opp-kultur i senteret. Måten vi har organisert dette på, er å la lærarane sjølv foresla relevante utviklingsprosjekt innanfor CEMPEs hovudområde. På denne måten har CEMPEs prosjektporfølje blitt til ved hjelp av lærarane sine interessefelt og initiativ, forklarar senterleiar Jon Helge Sætre.

SKAPAR MØTEPLASSAR FOR KUNNSKAPSDELING

Eitt av CEMPEs bidrag er å sameine dei gode undervisingsskrefte og slik legge til rette for at lærarar kan dele og diskutere erfaringar om eiga undervising.

– CEMPE set saman lærarane i team slik at dei får høve til å snakke saman. Vi ser at dette gir gode og etter lengta møteplassar for å dele



Lærarar på kurs vandrar rundt i rommet og beskriv gjenstandar for å utvide sitt eiga undervisingsvokabular.
(Foto: Katinka Hustad)

kunnskap og erfaringar om undervising, fortel Jon Helge Sætre.

Ufordininga har vore at lærarane hovudsakleg har halde seg på kvart sitt kontor og i kvart sitt klasserom, slik at undervisinga og refleksjonar rundt undervisinga har vore ein «einsam praksis», slik bioCEED også omtalar det. Det kan sjå ut til at arbeidsformene i CEMPE medverkar til å skape nye fellesskap rundt undervising i lærarstaben.

BLI KJENT - BLI INSPIRERT

Julius Pranenvicius, professor i horn, er ein av lærarane som har delatt i opptil fleire CEMPE-prosjekt. Slik omtaler han sine erfaringar med å delta i eit lærarteam:

– Deltakinga i CEMPE-prosjekta har vore særslærerik, og ein viktig arena for å bli kjent med mine kollegaer gjennom gruppdiskusjonar rundt undervising, øving og andre tema som ein sjeldan snakkar om i «korridoren». Eg blei veldig inspirert av arbeidsmåtane og innfallsveiklare som mine kollegaer presenterte på gruppessamlingar. Det at kollegaene var så opne og nysgjerrige, ga meg tryggleik til å fortsette å vidareutvikle nokre av ideane som blei fødde i mitt første år med CEMPE-prosjekt, seier Julius Pranenvicius.

STRATEGISK SATSING PÅ ARBEIDSTID

Det tar tid å vere kreativ og sjølvkritisk rundt eigen undervisningspraksis. Normalt brukar lærarane ved NMH eiga forskings- og utviklingstid til å jobbe med kunstnarleg utviklingsarbeid eller meir tradisjonelle forskingsprosjekt.

– Noko av grunnen til at vi lukkast med å skape ein ny giv rundt sjølv undervisingskulturen, er at CEMPE øyremerkar arbeidstid for nettopp å reflektere rundt, prøve ut og tenke innovativt om gamle og nye undervisingsformer, hevdar senterleiar Sætre.

Ved øyremarking av ekstra arbeidstid til ped-

agogisk utviklingsarbeid krev CEMPE også dokumentasjon av refleksjonen og utprøvinga som har vorte gjort. Denne strategiske satsinga går derfor hand i hand med NMHs basiskurs i høgskolepedagogikk, der lærarar som treng pedagogisk kompetanse blant anna gjennomfører kollegarettleiring og skriv refleksjonsoppgåver om eiga undervising.

VEKTLEGGING AV KOLLEGIALE OG KULTURELLE ASPEKT

Sjølv om sentra har ulike utgangspunkt – bioCEED med ein sterk forskarkultur, og CEMPE med en sterk, men delvis personleg undervisingskultur – har begge valt å bygge opp rundt sterke læringsfellesskap. Dette viser og det internasjonale forskingsprosjektet om Senter for framifrå utdanning, www.utwente.nl/bms/cheps/cetlfunk, der bioCEED og CEMPE begge er deltakarar. Dei foreløpige resultata kategoriserer CEMPE og bioCEED som «organiske senter», der lærarsamarbeid på kryss og tvers i institusjonen og ein nedanfrå-og-opp-kultur er sentrale kjenneteikn. CETLFUNK knyter også desse kjenneteikna til sterke læringsfellesskap, eller det dei kallar «Faculty Learning Communities».

– Vi ser no ei gradvis endring i heile sektoren – både nasjonalt og internasjonalt – mot å vektlegge dei kollegiale og kulturelle aspekta ved undervising og læring for å oppnå høgare utdanningskvalitet, seier Sætre frå CEMPE og Vandvik frå bioCEED.

I slike endringsprosessar er dei lokale fagmiljøa nøkkelen til kulturtviklinga, men ei slik perspektivendring krev òg at institusjonane legg til rette for utvikling og kvalitet gjennom å stimulere ein kollegial kultur og praksis i undervising og læring.

Senter for framifrå utdanning, som bioCEED og CEMPE, kan vere modellar for å utvikle dei naudsynte institusjonelle strategiane for kultur for kvalitet, der undervising vert kontinuerleg utvikla og innsats for kvalitet vert verdsett, konkluderer dei to senterleiarane.



Vigdis Vandvik,
leiar bioCEED



bioCEED – Centre of Excellence in Biology Education

Knytt til Universitetet i Bergen (UiB), Universitetssenteret på Svalbard (UNIS) og Havforskningsinstituttet (HI).



bioCEED skal styrke biologiutdanninga slik at morgondagens biologar blir høgt kvalifiserte og godt førebudde for yrkeslivet.



> www.bioceed.no



CEMPE – Centre of Excellence in Music Performance Education

Knytt til Noregs musikkhøgskole (NMH)



CEMPE skal utvikle kunnskapar og erfaringar som kan medverke til at utøvande musikkstudentar oppnår eit framifrå kunstnarleg nivå. CEMPE skal også kvalifisere dei for yrkesoppgåver i eit globalisert musikkliv som endrar seg raskt.



> www.cempe.no

Vil ha meir støtte frå institusjonsleiinga

bioCEED

Ei undersøking blant biologiundervisarar i høgre utdanning viser at dei opplever lite verdsetting og støtte for innsatsen dei legg ned i undanning frå institusjonsleiinga.

BioCEED gjennomførte våren 2015 ei stor, nasjonal spørjeundersøking om biologiutdanning ved ni norske, høgre utdanningsinstitusjonar. Ved institusjonane svara studentar og vitskapleg tilsette på ei rekje spørsmål om sine erfaringar med, haldninga til og meninga om biologiutdanninga.


– Resultata viser at mange er misnøgde med støtta frå institusjonsleiinga. Samstundes ser vi at kollegaer og studentar spelar ei viktig rolle når det geld å gi verdfull støtte og gode tilbakemeldingar. Dette er særleg tydeleg hos undervisarane, fortel Torstein Nielsen Hole, stipendiatur i bioCEED.

Verdsetting av innsats og kvalitet i undervisinga kjem primært frå kollegaer og studentar, viser svara frå lærarane. Det er og ein tydeleg skilnad på opplevd verdsetting frå eige institutt og frå heile institusjonen.


– Lærarane diskuterer undervising med kollegaene, men dette gjeld oftest praktisk gjennomføring og fagleg innhald – ikkje lærarrolla og studentane. Til saman gir dette inntrykk av at undervisinga er privat og lite verdsett av leiinga. Dette blir også forsterka av at undervisarane ønsker at institusjonane skal gi undervising høgare prioritet, men dei vil i liten grad sette av meir tid til dette sjølv. Det kan tyde på at dei ikkje trur dei får så mykje igjen for å prioritere undervising, seier Hole.

Til slutt peikar Hole på at lærarane ønsker meir tilbakemelding. «Undervisarane ser ut til å ønske seg meir tilbakemelding generelt, spesielt frå studentane og kollegaene. Unntaket er tilbakemelding frå leiinga, noko som forsterkar bildet av at leiing og undervising opplevast som skilde frå kvarandre.»


bioCEED Survey 2015 har gitt mange spennande resultat, og data frå undersøkinga gir grunnlag for vidare forsking ved senteret. Rapporten kan du laste ned frå bora.uib.no/handle/1956/11952




Figur 1 Lærarar er usikre om på om dei vil bruke meir tid på undervising, og ønsker at undervising var meir verdsett og høgare prioritert (bioCEED Survey 2015).



Figur 2 Verdsetting av innsats og kvalitet i undervisinga kjem primært frå kollegaer og studentar




Figur 3 I lærarkolleget er det innhald, undervisingsopplegg, studentar og praktiske forhold som oftest vert diskuterte. Rolla som lærar er sjeldnare tema for diskusjon mellom kollegaer.



Figur 4 Lærarar meiner at tilbakemeldingar frå studentar er mest nyttig, medan tilbakemelding frå leiinga har mindre verdi.

Snur opp-ned på matteundervisinga



Korte videosnuttar om eit tema er heimelekse – så følgjer gruppeøvingar i undervisingsrommet. Det fungerer, viser erfaringane. Forståinga aukar. Læraren blir aktiv rettleiar i problemløysing i staden for snakkemaskin fremst i auditoriet. Men kva skjer eigentleg i læringsprosessen? SKRIVE AV: Tor Martin Lien

– Videoane gir studentane høve til å spole tilbake om det er noko dei ikkje forstår. Så kan dei repete så mange gonger dei ønsker, heilt til forståinga sit, seier doktorgradsstipendiatane Helge Fredriksen frå Universitetet i Agder og Matt K. Voigt frå San Diego State University i California, USA.

Dei held på med eit forskningsprosjekt om flipped classroom.

UTFORDRAR VANAR OG STIMULERER NYSGJERRIGHEIT

– For Universitetet i Agder er det viktigaste å vidareutvikle ein kultur for samskapning som stadig utfordrar vanar og gjengse oppfatningar for å bygge høgare kvalitet – og slik sett vere ein institusjon med ein kvalitetskultur som

kontinuerleg strekkjer seg mot Soria Moria, seier rektor Frank Reichert.

– Eit spennande aspekt ved prosjektet til Fredriksen og Voigt er at det koplar undervisinga i to land så vi lærer av kvarandre. Dei to prosjektleiarane har erfaring frå forskjellige system for undervising. Forskjellane stimulerer nysgjerrigheita og gir grunnlag for ahaopplevelingar på begge sider av Atlanteren, noko som kan vere med på å utvikle og heve kvaliteten på utdanningsane, seier leiar av MatRIC, Simon Goodchild.

TO VEKER OPP-NED


Ein sentral del av pilotprosjektet går ut på å analysere kva rolle videoane spelar i kommunikasjonen mellom studentane når dei løyer

gruppeoppgåver i undervisingsrommet.

Dei to forskarane studerer ei gruppe ingeniørstudentar ved UiT Noregs arktiske universitet sin campus i Bodø. Formålet er å undersøke korleis «flipped classroom» fungerer i matematikkundervisinga på universitetsnivå – og kva som skjer med studentane når metoden vert teken i bruk.

Tanken er at «flipped classroom» gir læraren betre høve til dialog med studentane i læringsprosessen, medan studentane blir meir engasjerte av undervisinga og dermed oppnår betre resultat.

I prosjektet blir undervisinga snudd i to veker. Studentane set seg inn i nytt stoff individuelt,



Helge Fredriksen byggjer gruppeundervisinga på at studentane har studert videoemnet heime. Videooppakt frå gruppetimeane (sjå kamerat i høge hjørne) viser om studentane bruker kunnskap og forståing frå videoane når dei løysar oppgåver. (Alle foto: Matt K. Voigt og Helge Fredriksen)

for alle vert samla til gruppeundervising med undervisarar. Her vert den nye kunnskapen nytta og utdjupa i oppgåver under rettleiing av undervisarane.

Den individuelle innlæringa føregår ved hjelp av korte videoar på seks til ti minutt, der det også kan vere lagt inn små repetisjons-spørsmål eller quizar som det skal svarast på.

ANALYSERER BRUKEN AV VIDEOANE
Forskarane analyserer undervisinga på to lærearenaer.

Dei studerer på kva måte studentane bruker videoar og quizar når dei går gjennom emna på *heimebane*.



Helge Fredriksen (t.v.)

er doktorgradsstipendiat i matematikkdidaktikk ved Universitetet i Agder, og universitetslektor ved Institutt for datateknologi og berekningsorienterte ingeniørfag ved UiT - Norges arktiske universitet, med arbeidsstad i Bodø. Pilotforsøket er eit ledd i doktorgradsavhandlinga. Her vil han følge studentane i full skala heile neste studieår.

Matt K. Voigt

er doktorgradsstipendiat og arbeider ved San Diego State University i California. Han har fått eit treårig stipend frå The National Science Foundation i USA. No har han eit opphold hos MatRIC ved UiA i Kristiansand. Han samarbeider med Helge Fredriksen om «Flipped Classroom»-prosjektet. Piloten er del av eit forskningsprosjekt som strekkjer seg over dei nærmaste tre - fem åra, der også Helge Fredriksen sin fullskalastudie i Bodø neste studieår inngår.

MatRIC støttar og hjelper begge doktorgradsstipendiatane.

«FLIPPED CLASSROOM» - KVA ER DET?

Det tyder altså definitivt ikkje å flippe ut - snarare det motsette. Nynorsk oversetjing er «komvend undervising». I eit «flipped classroom» kan studenten sitje heime og sjå undervisen forelese, før ho kjem til auditoriet for å løye oppgåver i grupper. Heimeforelesinga er eit videoopptak med eitt tema, vanlegvis ein videosnutt på 6-10 minutt.

For forelesaren inneber «flipped classroom» at ho kan bruke tida til rettleiing av studentane, individuelt eller i grupper. Studentane kan følgje undervisinga i eige tempo og på eige nivå.

Målet med å snu undervisinga på hovudet er å auke studentane si forståing av faget. Auka forståing gir også auka utbytte av undervisinga. Det inneber at kvaliteten blir høgare - både på undervisinga og studentanes læring. Slik får samfunnet meir kunnskapsrike kandidatar.

Forsking over heile verda skal gi svar på om det verkeleg er slik at «flipped classroom» og andre forsøk med nye undervisingsformer aukar kvaliteten på undervisinga og kandidatane. Prosjektet til Matt K. Voigt og Helge Fredriksen er ein bit i dette puslespelet.

Arbeidet i *undervisingsrommet* blir granska ut frå tre hovudproblemstillingar. For det første undersøker dei i kva grad studentane og lærarane bruker kunnskapen frå videoane i arbeidet med og diskusjonane om matematiske problemstillingar. For det andre studerer dei former for samhandling som oppstår i undervisingsrommet. For det tredje ser dei på kva type matematisk diskusjon som oppstår i studentane sin aktivitet i undervisingsrommet, og korleis diskusjonar utviklar seg over tid.

Å finne ut korleis studentar og lærarar nærmar seg denne nye måten å arbeide på - med videoar først og gruppdiskusjonar og -undervising etterpå - er ein viktig del av forskningsprosjektet. Diskusjonane rundt oppgåvene - både i gruppene og i plenum - blir studerte og analyserte

for å finne ut korleis videolæringa eventuelt påverkar diskusjonane.

TO TEMA - FLEIRE VIDEOSTILAR

I piloten studerer studentane to emne i matematikk - vektorlære og trigonometri - ved hjelp av videoar som er laga i ulik stil.


I gruppeundervisinga løyer studentane både kalkulasjonsoppgåver og opne oppgåver som viser om dei har fått ei djupare forståing av emnet eller om dei berre har lært prosedyren for å finne det korrekte svaret, men kanskje ikkje heilt forstår kvifor svaret vart rett.

Det er viktig at videoane som vert nytta, berre tek opp eitt emne med éi problemstilling om gongen. Så fungerer neste video som eit påbygg





Screenshot: Enkel, men godt førebudd video som introduserer eit vector-emne.



Screenshot: Video med bilet og tekst blir supplert med tusjskriving som viser løysinga av oppgåva stegvis.



Forståinga av matematiske problemstillingar aukar gjennom oppgåver som studentane løyser i grupper.

på den førre – og då kan kunnskapshuset bli både solid og høgt.

– Videoane gir læring i seg sjølv, men det er viktig at læraren tek utgangspunkt i nivået i studentgruppa, både individuelt og som gruppe, seier Helge Fredriksen.

– Vi har fire videoar for kvart emne. I undervisingsrommet er nivået litt høgare enn i videoane, seier Matt K. Voigt, som har laga videoane.

AVBROT FOR INNSIKT

I undervisinga vert det lagt inn små oppgåver og quizar som medverkar til å auke forståinga for emnet som vert behandla. Det skjer både i gruppeoppgåvene og i fellesundervisinga.

Opne spørsmål gir studentane høve til å gå inn i temaet på forskjellig nivå, slik at alle kan delta i gruppearbeidet.

– Spørsmåla som blir stilte, er kanskje meir utvidande enn opne, fordi dei går vidare frå plattforma som er bygd opp gjennom videoane. I gruppene hjelper dei kvarandre om dei er på ulikt nivå. Dei som har forstått mest, trekkjer dei andre med seg, seier Helge Fredriksen.

Neste år blir empirien dokumentert både i nordmannens avhandling og i amerikanaren prosjekt. Så startar analysearbeidet – men kanskje får vi lese ein artikkel frå piloten før den tid, forfatta av Matt K. Voigt og Helge Fredriksen.

5 VIDEO-TIPS

FRÅ MATT OG HELGE:

Det er ikkje fancy videoar som skal lagast. Videoane fungerer best når dei

- ▶ er enkle
- ▶ er korte
- ▶ tar opp berre eitt emne
- ▶ er fokuserte i emnet
- ▶ brytast opp med ein quiz eller eit repetisjonsspørsmål.

– Den enklaste eg har sett var laga av ein lærar som sette iPhoneen sin på eit stativ, filma eit kvitt ark – og løyste eit problem med tusj på arket. Det fungerte godt, seier Helge Fredriksen.

Andre filmar seg sjølv medan dei forklarer og teiknar på tavla eller illustrerer med enkle bilete.

– Lange videoar får same effekt som forelesingar – konsentrasjonen fell og studentane får ikkje med seg alt dei treng for å forstå emnet. Resepten er kort og fokusert, sier Matt K. Voigt.

– Dyrk den lokale lærarkulturen, men bygg institusjonelle mekanismar for å styrke kvalitarbeidet.

 **MatRIC** – Centre for Research, Innovation and Coordination of Mathematics Teaching

Knytt til Universitetet i Agder

 Visjonen til MatRIC er å vere eit nasjonalt senter for betre undervising og læring i matematikken i naturvitenskapene og aktuelle profesjonsutdanninger.

 > www.matric.no

I synk med studentane?

«Kan de hjelpe oss med å finne nye måtar vi kan lytte til dykk på?» spurde CEMPE-leiar Jon Helge Sætre studentane da CEMPE og Universitetet i Agder arrangerte eit symposium om musikk, undervising og læring i høgre musikkutdanning.

SKRIVE AV: Marie Strand Skåland

Ein sentral del av kvalitetskulturen ved Noregs musikkhøgskole (NMH) er å plassere studenten i førarsetet for eiga utvikling. Eit viktig ledd i dette er å utdanne studentane til sjølvstende og kritisk medvit. Men i kva grad opplever studentane sjølv at dei får påverke utdanningsløpet sitt?

EIGARSKAP TIL EIGE ARBEID

Da CEMPE og Universitetet i Agder (UiA) inviterte til symposiet *In Sync?* i Kristiansand, var det ein føresetnad at også studentar frå dei aktuelle utdanningane skulle delta og bli hørde. Ei av utfordringane med slike symposium er at det først og fremst er undervisarar og institusjonsleiarar som diskuterer sine perspektiv på utdanning.

– Det blir litt mykje lærarprat, stadfestar musikkstudent Kari-Andrea Bygland Larsen ved UiA.

– Det er mange gode idear. Men eg håpar at det ikkje berre er prat og idear, men at det også kjem noko ut av det, utdjupar ho.

CEMPE jobbar aktivt med å inkludere studentane i større grad. I ein av pausane bad vi difor studentane Robert Løkketangen, Gina Grosås og Kari-Andrea Bygland Larsen om å fortelje oss meir om si oppleveling av å bli lytta til som studentar, og i kva grad dei sjølve får påverke studieløpet sitt. Dei løftar fram eit ønske om sjølv å ta styring over utviklinga si.

– Det å lære seg eit instrument er ikkje noko ein kan få i gáve frå nokon, det er ein jobb ein må gjøre sjølv, seier Robert. Han minner om at det er studentane sjølve som må gjøre arbeidet som skal til for å bli ein dyktig musikar.

– Det er viktig å få input sjølv sagt, men å vite at ein har eigarskap til sin eigen karriere fordi ein har jobba for det sjølv og tatt eigne val, det er viktig å få fram.

I UTAKT?

Noregs musikkhøgskole ønsker at studentane

skal utvikle sjølvstende og kunstnarleg identitet. Dette inneber at vi skal stimulere til kritisk refleksjon. Dette er ein viktig tematikk som blei løfta fram av pianist Ingrid Nyhus Breie da ho i sitt innlegg fortalte om piano-undervisinga ho fekk som student i 1998. Ho ønskte sterkt å prøve ut eigne innfallsvinklar og idear i speltinga si, men blei fortald av læraren sin at ho burde tenke mindre. Dette strir mot visjonen om sjølvstende og refleksjon, men er likevel noko klassiske musikkstudentar framleis kan oppleve i dag.

– Mange lærarar ønsker at studentane skal ta ansvar, og reflektere over eiga læring og utvikling, både kunstnarleg og teknisk; at ein ikkje berre utfører ein kunstnarleg ordre, men at ein tenker over korleis ein kan vere skapande musikalsk. Men det at ein ønsker studentar som er aktive, initiativrike og innovative, er perspektiv som må balanserast mot å gjøre dei i stand til å ivareta kvalitetskrava innan den enkelte sjangeren, sa Jon Helge Sætre før symposiet til forskningsmagsinet *Pling* frå Noregs musikkhøgskole.

Ei utfordring for musikkutdanninga er å vere i stadig utvikling og samtidig ta vare på tradisjonane. Særleg kan dette komme til syne i den sentrale rolla meisterlæretradisjonen har i utdanninga, der læraren underviser studentane ein til ein. Tradisjonen med at «meisteren viser og fortel» blir nettopp utfordra av behovet for å gjøre studentane i stand til å ta eigne val. Å få høvet til å ta eigne val er også eit ønske studentane sjølve legg vekt på.

DIFOR STUDENTANE FEKK VELJE

Eitt av spørsmåla som ble diskuterte i symposiet, handla om vegen vidare i høgre musikkutdanning. Korleis ser studentane si draumeutdanning ut?

– Vi ville gjerne få legge opp meir av utdanningsløpet vårt sjølv, seier Kari-Andrea.

Ho skulle ønske at ho i større grad kunne få velje den vegen ho vil gå i utdanninga.

– Så de ønsker sjølv å bli gjort meir ansvarlege for utdanninga?

– Ja, men eg har også opplevd fleire gonger at eg først tenker «kva er nyttene av dette?» Eg var for eksempel med på eit improvisasjonsprosjekt som eg tenkte at eg ikkje ville vere med på, og som eg syntest var ubehageleg dei første tre dagane. Eg ville aldri valt det sjølv dersom eg ikkje blei tvungen til å delta, men etterpå kjendest det så bra, seier Gina.

– Det er bra med fridom, men det er også nokre gonger dei som er lærarar og har gjort ting før, veit kva som fungerer.

Som leiar for CEMPE vil Jon Helge Sætre halde fram med å lytte til studentane:

– I CEMPE tar vi studentane sitt perspektiv på alvor, og jobbar kontinuerleg med å inkludere dei i vår verksemrd. Difor er det verdfullt for oss å få fram deira stemme på eit symposium som *In Sync?*. Vi skal fortsetje å vere i dialog med studentane, både i utviklingsprosjekta og gjennom samtalar på organisasjonsnivå.



Musikkstudentane Gina Grosås (NMH), Robert Løkketangen (NMH) og Kari-Andrea Bygland Larsen (UiA) ønsker å ta eigne val i utdanninga si. (Foto: Marie S. Skåland)

Frå student til lærar: Profesjonsretta mentorordning

Ei ny mentorordning for lektorstudentane på Universitetet i Oslo skal medverke til at studentane opplever heilskap, samanheng og yrkesrelevans gjennom studieløpet.



*Stipendiat Eli Lejonberg, Institutt for lærarutdanning og skoleforskning.
(Foto: Shane Colvin, UiO)*

Denne hausten får alle lektorstudentane på UiO tilbod om å delta i Lektorprogrammets eiga profesjonsretta mentorordning, PROMO.

– Studentane som deltar, vil få ein mentor som er ein erfaren lærar innan deira faggruppe, fortel stipendiat Eli Lejonberg, som har leia arbeidet med å utvikle programmet.

– Gjennom møte og skolebesøk får dei eineståande høve til å diskutere faglege spørsmål, og dei får innsikt i korleis dyktige lærarar tenker og jobbar. Det gir studentane eit bilde av korleis fagkunnskapen dei får på Blindern blir brukt i skolen.

PROMO går parallelt med dei andre emna i studiet. Gjennom møte på campus og skolebesøk blir studentane introduserte for ulike sider av kvarldagen til ein lærar. Studentane blir sett saman i grupper der dei kan diskutere ulike aspekt ved lærarprofesjonen. Gruppene bli leia av erfarene lærarar med rettleiarutdanning og same fagbakgrunn som studentane. Desse lærarane eller «mentorane» kjem frå Universitetet i Oslo sine partnar- og universitetsskolar.

IDENTITETSSKAPANDE

Fagleg fordjuping utgjer ein stor del av lektorutdanninga på universitetet. Lektorstudentane gjennomfører delar av studiet sitt saman med «vanlege» bachelorstudentar i disiplinfaga. Det kan vere vanskeleg for dei å halde oppe ein identitet som lærarstudent undervegs i studiet.

– Vi håpar at mentorordninga kan verke identitetsskapande for studentane, i tillegg til å hjelpe dei å sjå samanhengen mellom teori og praksis, seier Lejonberg.

FÅR MENTORAR FRÅ PARTNAR- OG UNIVERSITETSSKOLAR

May-Britt Fløstad er lærar ved Ullern vidaregående skole og éin av mentorane i PROMO. Ho meiner PROMO-ordninga gir tilgang til erfarene lærarar sin «tause kunnskap» om un-

dervising og læring.

– Studentane blir også ein del av mentoren sitt lærarnettverk, noko som kan opne dører til framtidige jobbar i dei ulike skolane, seier Fløstad.

STOR INTERESSE BLANT NYE STUDENTAR

Førebels er mentorordninga eit frivillig tilbod. Til saman deltar over 500 studentar i mentorgrupper dette semesteret. Nesten alle dei nye studentane deltar, 280 av studentane i første semester er påmeldte.

I utviklinga av programmet har det vore viktig å gi ordninga ein tydeleg prosesjon. Studentar og mentorar skal ikkje berre møtast og dele anekdotar, dei jobbar systematisk med ulike sider ved lærarprofesjonen.

Tidleg i studieløpet blir det lagt vekt på perspektivskiftet ved overgangen frå elev til student, og frå student til lærar. Midtvegs i studiet jobbar studentane med spørsmål kring mangfold i klasserommet og elevane si læring. Seinare i studiet blir forskjellar mellom studiefaga på universitetet og skolefaga diskuterte, og det blir vist korleis lærarar kan bruke fagkunnskapen som ein av sine viktigaste styrker i profesjonsutøvinga.

Samtidig er noko av intensjonen å hindre fråfall frå lærarstudiet. Det er også viktig å legge til rette for at studentane skaper gode nettverk seg imellom gjennom ulike fagsosiale arrangement mellom mentorsamlingane.

Mentorordninga er utvikla i samarbeid mellom ProTed, Institutt for lærarutdanning og skoleforskning og Universitetet i Oslo sine universitetsskolar, og blei pilotert i studieåret 2015-2016. Erfaringane fra piloten var positive, og studentane har ønskt eit slikt tilbod velkomme. Nå blir PROMO implementert i full skala gjennom heile studieløpet, fordelt på ti semester. I dette studieåret deltar studentane i 1., 3. og 5. studieår i mentorgrupper.

EKSEMPEL TIL ETTERFØLGING FOR ANDRE

Eli Lejonberg meiner at slike ordningar kan vere nyttige for alle utdanninger, ikkje berre lektorutdanninga.

– Studentane får kjennskap til nokon som jobbar med yrket dei utdannar seg til, og det er sett i system. Eg kjenner ikkje til liknande ordningar på andre lærarutdanninger, seier Lejonberg.

PROMO

- Er Lektorprogrammet ved Universitetet i Oslo si eiga profesjonsretta mentorordning.
- Går parallelt med dei andre emna i studiet.
- Inkluderer møte på campus og skolebesøk.
- Studentane blir sett saman i grupper der dei kan diskutere ulike aspekt ved lærarprofesjonen.
- Gruppene blir leia av erfarene lærarar med rettleiarutdanning og same fagbakgrunn som studentane.
- Lærarane eller «mentorane» kjem frå Universitetet i Oslo sine partnar- og universitetsskolar.



ProTed - Centre for Professional Learning in Teacher Education


Knytt til Universitetet i Oslo (UiO) og UiT - Norges arktiske universitet



Visionen til ProTed er å utdanne profesjonelle, kunnskapsrike og internasjonalt orienterte lærarar for eit multikulturelt samfunn.



> www.uv.uio.no/proted/



SimReal skaper betre lærarar

Dataprogrammet SimReal hjelper lærarstudentane til å «sjå matematikken». Det skal gjere dei til betre mattelærarar når dei skal ut og undervise.

SKRIVE AV: Morten Rosenvinge

SimReal gir studentane ei rekke høve til å arbeide med visualiseringar og simuleringar – altså å sjå matematikken for slik å forstå han betre. Programmet er utvikla av førstelektor Per Henrik Hogstad ved Universitetet i Agder (UiA), og har hausta mange lovord frå ingeniorstudentar.

SAMAN OM FORBETRINGAR

Programmet har sidan blitt introdusert som eit forsøk i lærarutdanninga gjennom eit FoU-prosjekt støtta av MatRICs forskingsmidlar. Programmet skal medverke til at studentane forstår matematikk betre og dermed kan forklare betre i skolen. Hogstad og professor Said Hadjerrouit på Institutt for matematiske fag ved UiA har gjennomført forsøket to gonger. Rapportane frå forsøka finst på www.matric.no.

– Det er spennande å sjå korleis programvare fungerer forskjellig på ulike studentgrupper, og det har vore spennande å arbeide saman med studentane, både for å forbetre SimReal for deira læring, men også som ledd i forskinga på korleis studentar lærer matematikk best, seier dei to erfarte undervisarane.

Studentane har vore aktive med å evaluere og

vurdere programmet og vurdere eiga læring. Basert på studentane sine tilbakemeldingar blei det gjort fleire justeringar i SimReal for å gjøre programmet meir brukarvennleg, og nivået blei betre tilrettelagt for lærarstudentane.

GJER DET LETTARE Å FORSTÅ

Tilbakemeldingane frå studentane var blant anna at SimReal er nytig som reiskap for å skape meir motiverande aktivitetar for lærarstudentane. Dei meinte også at det er eit godt supplement til undervising og tekstbok, og medverkar positivt til variasjon i undervisinga.

– Programmet har mange oppgåver med ulike utfordringar. Visuelle presentasjonar er svært nyttelege for å forstå korleis ting heng saman og hjelper også på motivasjonen, seier lektorstudent Maria Kaiktzoglou.

– Eg er stor fan av digitale hjelpemiddel. SimReal har veldig stort potensial fordi det gir så mange val, seier Dan Bartholomay som også går på lektorutdanninga ved UiA.

Studentane synest det har vore nyttig å sjå dei digitale utvegane som finst i SimReal, og vurdere korleis dei kan brukast i undervising. Student Magnhild Rugland trur SimReal er

SimReal skal medverke til at studentane blir fagleg sterke i matematikk og det vil gjere dei til betre mattelærarar. Her med: professor Said Hadjerrouit og lektorstudent Maria Kaiktzoglou.

eit godt program for sterke elevar og meiner det er bra at det blir utarbeidd nye simuleringar/visualiseringar som er tilpassa ulike kunnskapsnivå.

– Mange program er tilrettelagde for litt svakare elevar, men her er mange sjansar for dei sterke til å komme vidare i pensum og gi dei fleire utfordringar. Konseptet er veldig bra, men designet kan bli betre, seier Rugland. Det er nå gjort endringar i designet.

KORT OM SIMREAL

- ▶ Eit interaktivt, digitalt verktøy til bruk for lærarar og studentar i og utanfor undervising.
- ▶ Verktøyet inneholder blant anna videoforelesingar, simuleringar, animasjonar, oppgåver og andre interaktive visualiseringar.
- ▶ Programmet er meint som støtte til tradisjonell undervising, og er ope for alle på nett (<http://bit.ly/2cUV3sE>).

Kollebabasert kompetanseutvikling om masterrettleiing



« Det er nyttig å diskutere felles problemstillingar rundt rettleiinga med kollegaer, og spesielt viktig har det vore å rettleie saman med ein meir erfaren kollega. »

Geir Olaf Pettersen

KORT OM PROSJEKTET

- ▶ Pilot i nord er eit prosjekt for å prøve ut design av femårige, integrerte masterprogram i grunnskolelærarutdanning.
- ▶ Det første kullet blei tatt opp i 2010, og hittil er det uteksaminert to kull på kvart av dei to studieprogramma.
- ▶ Erfaringane frå denne pilotfasen har blitt trekte inn i arbeidet med nye, nasjonale rammeplanar.
- ▶ Frå hausten 2017 blir alle landets grunnskolelærarutdanningar for 1.-7. og 5.-10. trinn integrerte masterprogram.

ProTed-prosjektet «Kollebabasert kompetanseutvikling om masterrettleiing» skal utvikle ei felles forståing av profilen på masteroppgåver i lærarutdanning. Utvikling av leiarrettleiarkompetansen i eit kollegium der erfaringar og vitskapleg skolering er breitt samansett, står også sentralt.

SKRIVE AV: Hilde Sollid

– Å utvikle to nye, integrerte masterprogram i grunnskolelærarutdanning har vore eit stort løft for fagmiljøa ved grunnskolelærarutdanningane ved UiT Norges arktiske universitet. Ikkje minst er miljøet opptatt av å utvikle kvalitet i dei mange komponentane som inngår i arbeidet rundt masteroppgåva innan dei fagområda som studentane kan velje som masterfag, seier studieleiar Henning M. Sollid.

Mens profesjonsfagoppgåvene på 1-7-utdanninga har basis i pedagogikkfaget, har dei fem faga på 5-10-utdanninga sin basis i fagdidaktikk.

– Likevel kan viktige nyansar mellom faga påverke korleis masteroppgåva blir forstått og profilert. I tråd med ideen om integrasjon mellom fag, fagdidaktikk, profesjonsfag og praksis, kan studentane velje å sameine dei ulike komponentane slik at det tener den berande ideen i det enkelte masterprosjektet, seier Henning M. Sollid.

FELLESSKAP RUNDT RETTLEIING

Rettleiarane på masteroppgåvene kjem frå ulike vitskapstradisjonar (humaniora, samfunnsvitskap og realfag), har ulik kjennskap til profesjonsfeltet, har ulike forskingserfaringar og ulik erfaring med rettleiing på masternivå. På bakgrunn av denne samansette kompetansen skal kollegiet arbeide for å nå eit felles mål om å utvikle ei profesjonsnær masteroppgåve i dei to studieprogramma.

– For å nå dei felles måla har vi valt å arbeide saman for å utvikle masterrettleiinga, fortel Kari-Anne Sæther, som koordinerer ProTed-prosjektet.

Sidan våren 2014 har rettleiarane jamleg utveksla erfaringar med rettleiing og også diskutert rammene for denne nye typen masteroppgåve. Fagmiljøet har veksle mellom å ha dialogmøte, interne evalueringsmøte, lesegrupper og seminar med eksterne bidrags-ytarar.

UTVIKLAR EI SAMEINT FORSTÅING AV MASTEROPPGÅVA

Hovudfokus har vore på dei faglege sidene ved rettleiing og profesjonsretting av masteroppgåva, men i prosessen har også andre nærliggande tema fått plass. Eit sentralt spørsmål har vore korleis ein innan rammene av ei masterutdanning, kan utvikle forståinga av praksis ut frå vitskaplege perspektiv.

– Det er nyttig å diskutere felles problemstillingar rundt rettleiinga med kollegaer, og spesielt viktig har det vore å rettleie saman med ein meir erfaren kollega, fortel universitetslektor i matematikkdidaktikk, Geir Olaf Pettersen.

– Prosjektet har først og fremst etablert ein arena for kollebabasert kompetanseutvikling om masterrettleiing. Miljøet har late seg inspirere av andre masterprogram, men har ikkje ønskt å kopiere andre sine løysingar. Det er tydeleg at dei ulike faga og rettleiarane utvikla ei meir sameint forståing av masteroppgåva og rettleiinga fram mot studentane sine innleveringar, seier Kari-Anne Sæther.

Prosjektet har også medverka til at miljøet held på å etablere fagoverskridande samarbeid om fellesrettleiing for studentane, der blant anna vitskapsmetodane, forskingsetikk og informasjonskompetanse inngår.

Fem nye år som Senter for framifrå utdanning

Hilde Sollid (UiT) og Andreas Lund (UiO) takkar av som leiarar for ProTed ved slutten av den første femårsperioden for ProTed. Kva meiner dei er det viktigaste ProTed har fått til så langt, og kva blir viktig i senterets arbeid framover?



Hilde Sollid
(UiT)

Andreas Lund
(UiO)

– “Alle” snakkar om kvalitet. Kva er det viktigaste bidraget ProTed har gitt for å fremme kvalitet i utdanninga dei første fem åra?

HILDE:

– Det viktigaste bidraget har vore utviklinga av eit tettare og grenseoverskridande partnarskap mellom lærarutdanning og skole.

ANDREAS:

– Den internasjonale ekspertgruppa som for kort tid sidan vurderte arbeidet vårt, omtala arbeidet med universitetskolane som «the jewel in ProTed’s crown». I tillegg har vi arbeidd mykje med å beskrive kvalitet og indikatorar på kvalitet, og knytt desse opp mot utvikling eller endring av praksisar. Dette er omtalt i ProTed sin antologi, «Veier til fremragende lærarutdanning». Forutan fleire kapittel om mange av våre utviklingsprosjekt, finner vi her også ein diskusjon om sjølve kvalitetsomgrepet.

– Kva er naturlege mål for senteret i neste periode?

ANDREAS:

– Vi tar rett og slett sikte på å vere Noregs fremste miljø på kunnskap om og gjennomføring av framifrå lærarutdanning. Dette skjer i kryssinga mellom innovasjon, fagleg og profesjonell ekspertise og i tett samspel med universitetsskolane. Vi kan gi svært viktige bidrag.

HILDE:

– I arbeidet framover vil eg trekke fram utviklinga av nye oppgåvetyper i lærarutdanningane, og kva desse betyr for å stø opp om profesjonskompetansen til studentane. Delvis gjeld det ulike profesjonsnære FoU-oppgåver, men også andre studentaktiviserande fag- og profesjonsoppgåver som involverer studentane i relevante tema.

ANDREAS:

– Eg har også lyst til å trekke fram arbeidet med å utvikle profesjonsfagleg digital kompetanse i lærarutdanninga. Å førebu studentar på å designe læringsmiljø og utdanning som inkluderer digitale ressursar er eit prioritert felt, og vi vil halde fram med å konkretisere dette gjennom heile lektorprogrammet.

FAKTA:

I analysen *Rom for meir læring* har NOKUT intervjuat studentar og tilsette ved seks studieprogram og undersøkt i kva grad studentane blir utfordra til å nå det ønskte læringsutbyttet.

Bakgrunnen for studien er ein gjennomgang av datamateriale frå Studiebarometeret. Det viser at motivasjonen til studentane er den variablen som sterkest påverkar studieinnsatsen. Studentar som seiar at dei har høg eigenmotivasjon, bruker meir tid på studia enn andre.

Les analyserapporten her:
bit.ly/2dUiTQx

Rom for meir læring?

Det er rom for meir effektiv læring ved norske universitet og høgskolar, seier NOKUT-direktor Terje Mørland. Her frå lanseringa av tal frå Studiebarometeret i februar 2016.

Lærer studentane så mykje som mulig i løpet av studietida eller har dei potensial for å lære enda meir - berre dei blir utfordra på rett måte? Dette ville NOKUT finne ut meir om.

– Mange studentar meiner at lærestadene kan påverke kor mykje dei lærer ved å setje klarare krav og tydelegare seie kva som blir venta av dei. Her er eg heilt einig. Dette vil motivere studentane slik at dei aukar studieinnsatsen og presterer enda betre.

Dette seier NOKUTs direktør Terje Mørland om funna frå analysen der NOKUT spurde studentar og tilsette ved bachelorstudium i faga ingeniør, barnehagelærar og statsvitsskap om kva dei meiner påverkar studentane sin motivasjon og studieinnsats.

– For den einskilde studenten vil auka studieinnsats ha mykje å seie for kva slags resultat han får, både kva for ein karakter han oppnår og kva læringsutbytte han sit igjen med. NOKUTs analyse viser at det er rom for meir effektiv læring ved norske universitet og høgskolar.

Også studieprogram der studentane i utgangspunktet er lite motiverte, kan oppnå betre resultat, meiner han.

– Studieprogram der studentane anten har svake forkunnskapar og/eller svak eigenmotivasjon, bør analysere studentkulla og leggje opp undervisinga si etter det. Dette er eit ansvar

som leiinga ved norske universitet og høgskolar må ta, for her er det mykje å hente.

ETTERLYSER STØRRE KRAV TIL STUDENTANE

Rom for meir læring var tema på eit av NOKUTs frukostmøte. Der peika leiari studentparlamentet ved Universitetet i Oslo, Hans Christian Paulsen, på at studentane ikkje er late, men at dei normalt legg ned den mengda arbeid som må til for å oppnå ein god karakter. Få jobbar meir enn dette med studia sine, noko som ikkje tener det arbeidslivet dei skal inn i.

– Samfunnet investerer pengar i at vi skal ta denne utdanninga. Då må lærestadene stille ordentlege krav slik at vi faktisk legg ned så stor studieinnsats at vi fører noko tilbake til samfunnet og får noko utbytte av det sjølv, oppfordra han.

ALT LIGG I TILBAKEMELDINGANE

Analysedirektør i NOKUT, Ole-Jacob Skodvin, meiner NOKUT-analysen viser at leiinga ved universitet og høgskolar må vektlegge dei elementa som tyder noko for læringa til studentane.

– Det må leggjast betre til rette for god læring

og krava som stillast må kommuniserast tydeleg. God kommunikasjon er ein viktig suksessfaktor i arbeidet med å byggje opp ein god kvalitetskultur.

RÅD TIL LÆRESTADENE:

- ▶ Set opp klare krav og kommuniser tydeleg kva de forventar av studentane.
- ▶ Hjelp til med å opparbeide gode arbeidsvanar.
- ▶ Varier innleverings- og eksamsformene og spre dei i semesteret.
- ▶ Bruk studentaktive undervisingsformer.
- ▶ Gi konstruktive tilbakemeldingar på innleveringsoppgåvene.
- ▶ Kartlegg forkunnskapane til studentane og bruk informasjonen i undervisinga. Studentane lærer betre dersom dei blir underviste på ein slik måte at dei kan knytte ny kunnskap til det dei har lært tidlegare.

(Kilde: Ole-Jacob Skodvin, analysedirektør i NOKUT)

EIT EKSEMPEL PÅ «UNDERVISARTRIKSET»:

Undervisarar bruker mykje tid på å skrive tilbakemeldingar i marge på skriftlege oppgåver. Men forsking viser at studentane knapt nyttar tilbakemeldingane etter at emnet er avslutta. Altså har undervisaren brukt mykje tid, utan at det har ført til auka læring for studentane. Vi kan difor med godt samvit hoppe over desse tilbakemeldingane og i staden gi poeng.

Den innsparte tida kan undervisaren bruke på formative tilbakemeldingar medan emnet blir undervist. Det kan gjerast effektivt ved at studentar gir tilbakemeldingar på kvarandres arbeid eller at undervisaren gir tilbakemeldingar til heile gruppa.

For eksempel kan studentane levere inn ei oppgåve halvveis i emnet. Dei gir så tilbakemeldingar på medstudentar sine oppgåver i grupper på fire. I eit seminar får dei sitte saman i grupper og gå gjennom tilbakemeldingane, med mål om å forbetre oppgåvene. Etterpå presenterer undervisaren i plenum eitt positivt aspekt i kvar oppgåve – eit «gullkorn».

Gjennom denne presentasjonen kan ein formidle mykje entusiasme og på same tid vise kva som er viktig i emnet. Studentane får gjerne rikeleg med konstruktive tilbakemeldingar frå medstudentane, men undervisaren vil kanskje likevel ønske å presentere ei liste over dei fem viktigaste svake sidene i oppgåvene. Vil ein gjøre dette til ei oppgåve med karakter, kan ein be studentane skrive ein ny versjon av oppgåva, som så blir vurdert utan fleire tilbakemeldingar.

Poenget er at det tar mykje kortare tid å finne eitt gullkorn enn det gjer å gi tilbakemeldingar på heile oppgåva. Lista over svake sider kjem også til å vere ganske stabil frå år til år, og mykje kan difor brukast om att. Altså har undervisaren brukt same mengd tid for å auke studentane si læring, og både undervisaren og studentane har hatt meir moro undervegs!

Undervisartrikset: Meir læring – same tidsbruk

SKRIVE AV: Kristina Edström, universitetslektor ved Kungliga Tekniska Högskolan i Stockholm.

Mange trur at betre læring for studentane alltid medfører at undervisaren må legge ned meir tid. Sidan undervisarane alt har mykje arbeid, tenker vi straks at pedagogisk utvikling ikkje er mogleg. Eg ser denne misforståinga som eit vanleg hinder for utvikling, og vil difor gjerne vise at det ikkje treng å vere slik.

Eg vil hevde at det finst mykje vi kan gjøre for å auke studentane si læring utan å auke undervisarens arbeidsbør. Gjennom mange år har eg samla eksempel som eg eller kollegaer har testa – og det fungerer. Nokre gonger kan undervisaren til og med redusere si arbeidsmengd. Det beste nye er kanskje at det ofte handlar om å gjøre mindre av det mest kjedelege rutinearbeidet.

Prinsippet er at undervisaren skal gjøre meir av det som skaper læring, og mindre av det som ikkje fører til læring. Lat oss kalle det «undervisartrikset». Sidan vi som undervisarar faktisk gjer mykje som ikkje medverkar til læring, finst det mykje tid å ta av.

Vi skal sjølv sagt også gjennomføre forbetringar som kostar pengar – når vi har råd, men vi kan lett begynne med å gjennomføre dei som er gratis. Særleg når dette blir betre for både studentar og undervisarar.

Lær meir om «undervisartrikset» på NOKUT-konferansen 2. november.



«Prinsippet er at undervisaren skal gjøre meir av det som skaper læring, og mindre av det som ikkje fører til læring.»

Kristina Edström



Ole-Jacob Skodvin



Jeroen Huisman

Finst det ei oppskrift på kvalitetskultur i høgre utdanning?

KVALITETSKULTUR

I forskingsrapporten blir «kvalitetskultur» definert slik:

the organisational culture that intends to enhance quality permanently and is characterised by two distinct elements: on the one hand, a cultural/psychological element of shared values, beliefs, expectations and commitment towards quality and on the other hand, a structural/managerial element with defined processes that enhance quality and aim at coordinating individual efforts.

(European University Association 2006. Quality Culture in European Universities: a bottom-up approach. Report on the three rounds of the quality culture project 2002-2006.)

SUKSESSFAKTORANE

På individnivå:

- ▶ Oppfatningar, verdiar og haldningar hos undervisarane
- ▶ Motivasjon
- ▶ Profesjonalisering av undervising/utdanning – vidareutvikling
- ▶ Leiing/leiingsstil

På organisasjonsnivå:

- ▶ Støtte frå leiinga på institusjonsnivå
- ▶ Kommunikasjon
- ▶ Tilgiengelege data? Reflektere rundt kvalitetsarbeid
- ▶ Innovasjon
- ▶ Avgjerdsnivå – forankra i institusjonen
- ▶ Tilgiengelege ressursar/stab – laboratorium (SFU)

Kanskje ikkje, men det finst nokre suksessfaktorar, viser ein fersk rapport.

– Tanken er at denne rapporten skal vere til inspirasjon for norske universitet og høgskolar. I tillegg vil vi i NOKUT nytte den i vårt rådgjevings- og utviklingsarbeid, forklarer analysedirektør Ole-Jacob Skodvin.

Han viser til ein forskingsrapport som har sett nærmere på suksessfaktorar for å etablere og vidareutvikle kvalitetskultur i høgre utdanning. Studien som rapporten bygger på, er utført av det nederlandske forskingsinstituttet CHEPS, i partnarskap med CHEGG frå Belgia.

– Rapporten gjennomgår litteratur om kvalitetskultur i høgre utdanning. Den viser også korleis kvalitetskultur kjem til uttrykk ved å sjå på fem framifrå utdanningsmiljø i Europa. På bakgrunn av dette kjem forskarane med nokre faktorar som dei meiner bør vere til stades for at kvalitetskultur skal kunne oppstå, utdjupar analysedirektøren.

KVALITETSKULTUR BLIR PRIORITYERT

Skal vi tru rapporten er ikkje kvalitetskultur noko nytt omgrep i høgre utdanning. Skodvin er einig:

– Det som er nytt, er korleis dette har blitt forankra i eit system på alle nivå på dei aller fleste universitet og høgskolar. Det har blitt ein prioritert for leiing og eit viktig strategisk mål. Det er veldig spennande, og medverkar til å likestille forsking og utdanning.

Skodvin meiner også at det er ein viktig

pådrivar at arbeidet med utdanningskvalitet har gått frå kontrollbasert til utviklingsbasert.

– Det tvingar frem nokre felles verdiar som definerer kva som er god kvalitet når det gjeld lærung og undervising. Ei slik felles forståing er heilt sentral dersom vi skal lukkast med nye, kvalitetshavande tiltak.

LEIING, RESSURSAR, KOMMUNIKASJON OG VERDSETTING

– Det finst ikkje ei enkel oppskrift på korleis ein skal realisere og utvikle ein kvalitetskultur, innrømmer ein av forskarane bak rapporten, professor Jeroen Huisman, og held fram:

– Det handlar om å balansere incentiva på organisasjonsnivå og på individnivå. Undervisarane sine oppfatningar og verdiar og motivasjonen deira er viktig. Vidare må ein vere merksam på potensielle konfliktar, og undervisarane må få høve til å vidareutvikle seg. Leiing og leiingsstil er avgjerande, og nok ressursar er sjølv sagt ein viktig føresetnad.

Dei fem framifrå miljøa som er brukte som case i rapporten, er alle svært forskjellige. Likevel har dei nokre trekk felles når dei fortel kva faktorar dei meiner er viktige i utviklinga av kvalitetskultur, kan Huisman fortelje:

– Utdanningsleiing, ressursar, kommunikasjon og utvikling av eit språk som grunnlag for å kunne snakke om utdanning, og at arbeid med utdanning blir verdsett, er det som i størst grad blir trekt fram.

CHEPS

CHEPS – the Center for Higher Education Policy Studies er eit forskingsinstitutt knytt til University of Twente i Nederland. Dei forskar på ulike aspekt ved høgre utdanning og tilbyr opplæring og konsulenttenester til sektoren. CHEPS er særleg oppatt av eit internasjonalt, komparativt perspektiv.

CHEGG

CHEGG – the Centre for Higher Education Governance Ghent er eit forskingssenter ved Ghent University i Belgia, som ønsker å medverke til forståinga av leiing og styring i høgre utdanning. Senteret fokuserer på system- og institusjonsnivå. I arbeidet sitt kombinerer dei aspekt frå forsking på høgre utdanning med organisasjonskognosologi, statsvitenskap, offentleg administrasjon og økonomi og leiing.

OM RAPPORTEN

NOKUT har bestilt ein forskingsrapport med tittelen «Educational Leadership: How can one create a culture for quality enhancement?».

Målgruppa er utdanningsleiarar på alle nivå i norsk universitets- og høgskolesektor.

Forskinsinstitutta CHEPS og CHEGG har skrive rapporten. Prosjektleiarar var Andrea Kottmann (CHEPS) og Jeroen Huisman (CHEGG).

Rapporten er basert på både litteraturstudiar og fem casestudiar av følgjande miljø:

- ▶ bioCEED – Senter for framifrå utdanning ved Universitetet i Bergen
- ▶ Centre for Learning and Teaching ved Birmingham City University (England)
- ▶ EDLAB ved University of Maastricht (Nederland)
- ▶ Gennombrottet og Pedagogiska Akademiet ved Lunds Tekniska Högskola (Sverige)
- ▶ Center for Teaching Quality Development ved University of Potsdam (Tyskland).

Heile rapporten finn du her:

www.nokut.no/How-Can-One-Create-a-Culture-for-Quality-Enhancement

Eit viktig bidrag til samtalen om kvalitetskultur

– Denne rapporten bidreg med verdfull innsikt. Eg opplever at den underbygger mykje av den utviklinga som går føre seg i norsk, høgre utdanning nå, seier prorektron for utdanning ved Høgskolen i Oslo og Akershus, Nina Waaler.

Waaler meiner det er eit stort engasjement for utdanningskvalitet på norske universitet og høgskolar. Ho trur at ein aktiv, nasjonal diskusjon er viktig og velkommen for å skape ein kvalitetskultur på dette feltet.

LA VERDIANE KOMME TIL UTTRYKK I PRAKSIS

Eit viktig poeng i rapporten er kor viktig eit felles verdigrunnlag er for høg kvalitet i undervising og læring. Dei fleste institusjonar har vedtatt eit sett verdiar, men i kva grad lukkast vi med å la verdiane komme til uttrykk i praksis? På HiOA er det «læring, mangfald og nyskaping» som er dei berande verdiane. For å etterleve desse trur prorektron at undervisarar og undervisningsleiarar må våge å eksperimentere meir:

– Å prøve ut nye metodar og verktøy er ofte uttrykk for eit ønske om å utvikle faget, seg sjølv som undervisar og kvaliteten på undervisinga. Vi bør kanskje i sterkare grad akseptere ein kultur som gir rom for at det er greitt å feile? Det viktige er at vi lærer av feila og utviklar og hevar kvaliteten i arbeidet vårt.

MOTIVASJON OG VERDIEN AV FAGLEG FELLESSKAP

Waaler er også opptatt av kva rapporten seier om fagleg fellesskap.

– I forskinga er vi gode til å gi kvarandre støtte og kritikk for å skjerpe kvaliteten og lære av kvarandre. Dette skjer blant anna gjennom fagfellevurdering og annan aktivitet i dei fleste etablerte og velfungerande forskingsgrupper. På undervisingsfeltet er derimot dei aller fleste overlatne til seg sjølv.



Nina Waaler

Prorektron meiner at fagfellevurdering av undervising og utvikling av eit større kollegialt fellesskap i undervising er eksempel på tiltak som er overmodne for diskusjon.

UTDANNINGSLEIING – VIKTIGAST BLANT DEI LEIARANE SOM ER NÆRAST UNDERVISARANE

Rapportens hovudmålgruppe er utdanningsleiarar på alle nivå i norsk universitets- og høgskolesektor. Waaler understrekar at det kviler eit stort ansvar på leiarar på høgre utdanningsinstitusjonar for å legge til rette for ein velfungerande kultur for utdanningskvalitet.

– Dei som sit nærast dei som underviser, er dei aller viktigaste her; studieleiarar og/eller instituttleiarar. Det må vere tydelege forventningar og krav til undervisarar om høg kvalitet og god utvikling i undervisinga deira.

– For å sikre kompetanse på korleis desse ambisjonane kan etterlevast, bygger vi nå opp eit program for utdanningsleiing på HiOA. Inkludering og aktivisering av studentane i dette arbeidet vil vere en føresetnad; vi ønsker ikkje berre å gjere dette *før* våre studentar, men også *med* studentane.

Vi spør miljøa intervjuer til rapporten:

1. Korleis arbeider de for å skape kollektiv innsats rundt utdanninga?

2. Korleis vil du beskrive «kvalitetskultur»? Kva påverkar utvikling av kvalitetskulturar?



**Pedagogisk utviklar Torgny Roxå,
Gjennombrotet, Lunds Tekniska
Högskola (LTH)**

1 Sidan vi har Scholarship of Teaching and Learning som rammeverk, blir det venta at undervisarane skriv om eiga undervising. Målgruppa er kollegaer ved same fakultet. Til nå har vi omlag 500 tekstar skrivne av undervisarar i ingeniorfag. Desse er samla i ein database som er open for alle undervisarar, og vi bruker dei i senterets arbeid. Det at vi legg ut tekstane offentleg, aukar alvoret for undervisarane og skaper interesse for å lese kva kollegaer har gjort. Det påverkar heile kulturen for kommunikasjon om undervising, noko som er vårt hovudmål.

2 Kultur er bygd og haldast oppe gjennom kvardagsleg interaksjon. Ein kvalitetskultur oppstår difor gjennom summen av all samhandling i organisasjonen. Undervisarane kommuniserer meir om undervising, dei kommuniserer med nye menneske og dei samhandlar betre. Vi har vist at dette skjer i vår organisasjon: Kvaliteten på dei skriftlege tekstane som undervisarane produserer, blir betre. Instituttleiarar indikerer at det er eit nytt og betre samtaleklima rundt undervisinga. Over ein periode på 13 år rapporterer studentar om betre undervising. Dette er teikn på ein kvalitetskultur som vi også ser i gode forskingsmiljø.

**Prorektor og leiar for
EDLAB Harm Hospers,
Maastricht University**



1 På EDLAB – The Maastricht University Institute for Education Innovation har vi kontaktpersonar frå alle fakulteta som formidlar innovative læringsidear til EDLAB. Vegen frå idé til pilotprosjekt blir diskutert med alle desse kontaktpersonane. Finansierte pilotprosjekt er dermed resultat av laginnsats.

2 Ein kvalitetskultur gjer ideelt sett at relevante interessentar jamleg blir minna om indikatorar som er rekna for å vere avgjerdande for institusjonen. I tillegg er prosedyrar og strukturar på plass for å overføre denne informasjonen til handling.

**Instituttleiar Ørjan Totland,
Institutt for biologi ved
Universitetet i Bergen,
vertskap for bioCEED**



1 Vi oppfordrar til samarbeid og gir undervisarane høve til å delta på kollegiale og kompetansehevende aktivitetar, som for eksempel kurs, lærarsamlingar og seminar for undervisingsfagleg påfyll og inspirasjon. Vi snakkar mykje om dei to kulturane i akademia, forskarkulturen og lærarkulturen, og om korleis vi kan styrke undervisinga ved å føre det beste frå forskarkulturen inn i lærarkulturen.

2 Organisasjonen som heilskap og det enkelte organisasjonsmedlem bør kvar dag vurdere om det dei gjer og måten dei gjer det på, kan forbetra. Det handlar om å sette seg litt ambisiøse mål, som ein kan strekke seg etter i arbeidet med utdanning, både innan faggrupper og studieprogram og for instituttet som heilskap. Eg trur at vi før har vore mest opptatt av at kvalitet har med eit høgt fagleg nivå på undervisinga å gjere. Dette er sjølv sagt viktig, men bioCEED har også medført at vi set tydeleg fokus på kvalitet i læringsutbytte. Det handlar om kontinuerleg kvalitetsutvikling.

NOKUT medverkar til å sikre, utvikle og informere om kvalitet i utdanninga



NOKUT står for Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga.



NOKUT er eit fagleg uavhengig forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet med omlag 99 årsverk i fem avdelingar.



NOKUT har som hovedoppgåve å dokumentere og informere om tilstanden i høgre utdanning, fagskoleutdanning og godkjent utanlandsk utdanning.



NOKUT fører tilsyn med, informerer om og medverkar til å utvikle kvaliteten på norske utdanninger og institusjonar.



NOKUT har fleire godkjenningsordningar for utanlandsk utdanning som skal medverke til at personar med utanlandsk utdanning kan få brukt kompetansen sin effektivt i Noreg.



NOKUT har mellom anna ansvaret for den nasjonale studentundersøkinga Studiebarometeret, insentivordninga Senter for framifrå utdanning og Utdanningskvalitsprisen.

Vil du vite meir? Gå inn på www.nokut.no

NOKUT



SFU-MAGASINET HAUST/VINTER 2016

UTGITT AV:

NOKUT i samarbeid med sentera
for framifrå utdanning bioCEED,
CEMPE, MatRIC og ProTed.

ANSVARLEG REDAKTØR:
Ingvild Andersen Helseth

MEDREDAKTØR:
Emilie Valebjørg

COVERBILDET:
Foto: Håvard Nesbø

LAYOUT:
NXT/A2N Reklame & Digitalbyrå